

Høyring av søknad om løyve til uttak av grunnvatn i Hermansverk i Sogndal kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Sogndal kommune om løyve etter vassressurslova til uttak av grunnvatn frå elveavsetningar langs ved Henjaelvi i Hermansverk. Vassmagasinet skal fungere som reservevasskjelde for Leikanger vassverk, og uttaket av vatn skal nyttast til smoltproduksjon ved Osland Genetics når Leikanger vassverk er i normal drift. I periodar der begge har behov for vatn, skal drikkevassforsyning prioriterast. Søknaden med vedlegg er lagt ut på NVE si nettside:

www.nve.no/9476/V.

Alle som har meiningar om saka kan uttale seg. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via nettsida, per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Energi- og konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Merk brev eller e-post med «Høyringsfråsegn 202412996». Frist for å sende fråsegn er **20.11.2025**.